

Næringspolitisk Avdeling
Per Harald Agerup

Vår sakshandsamar
Merete Støfring
57 83 70 80

Vår dato
2008-11-19
Dykkar dato

Vår referanse 2007/00705/059
Arkiv: 434
Dykkar referanse

Slaktetilskot til kje, endring av vektgrense

Vedlagt ligg brev frå Prosjekt Geit i Vekst med vedlegg. I breva vert det teke opp sak som vedkjem vektgrense for å kunne oppnå slaktetilskot for kje. Under årets jordbruksforhandlingar vart det vedteke å heve vektgrensa frå 3,5 til 5 kg. Dette, slik vi har forstått, etter framlegg frå forhandlingsutvalet for jordbruket. Av reaksjonane som er kome i ettertid, ser det for oss ut som om dette ikkje har vore forankra i næringa og hos Nortura.

Vi ber Norges Bondelag ta tak i saka og reversere vektgrensa attende til 3,5 kg før grensa får konkrete utslag for dei bøndene dette gjeld ute. Skal det lukkast må ei reversering attende til 3,5 kg skje innan utgangen av inneverande år.

Vi ber om attendemelding som syner Norges Bondelag sentralt sitt arbeid med denne saka.

Med helsing

Per Hilleren



Merete Støfring

Vedlegg: Brev frå Prosjekt Geit i Vekst
Brev frå Nortura v/tilførselsdirektør småfe
Brev frå Sau- og geitalslaga på Vestlandet